



Barne og familie departementet

Vår referanse: 2023/40735-6
Saksbehandler: Belen Garcia de Vinuesa
Birkenes
Dato: 26. juni 2023
Deres ref.:

Saksfremstilling - «NOU 2023:7 Trygg barndom, sikker fremtid. Gjennomgang av rettssikkerheten for barn og foreldre i barnevernet.»

Ved høringsbrev av 27.3.2023 sende Barne- og familiedepartementet på høyring «NOU 2023:7 Trygg barndom, sikker fremtid. Gjennomgang av rettssikkerheten for barn og foreldre i barnevernet.»

Det er ei omfattande og grundig utgreiing der barna sin rettstryggleik har hatt eit særleg fokus. Utvalet har vurdert tiltak for å styrke rettstryggleiken i alle ledd av barnevernet sitt arbeid.

I utgreiinga fann utvalet at barn sin rett til medverknad ikkje var tilstrekkeleg ivaretatt i praksis sjølv om lova er tydeleg på at dei skal ha slik rett.

Barna sin rettstryggleik har hatt eit særleg fokus utgreiinga. Det er funne veikskapar i tryggleiken og stabiliteten barn opplever i plasseringar, at det er hyppige skifte i personar som skal samtale med barna og som skal tala barna si sak. Barna får ikkje den informasjon som dei treng og får ikkje gjeve informasjon på ein måte som dei opplever som trygg. Utvalet fann og at barn i for liten grad vert sikra medverknad ved avgjerder som omhandlar dei, og at barn i liten grad har rett til å klage over avgjerder som dei er usamde i.

I samandraget på side 15 har utvalet gjeve fylgjande oppsummering av omsyn som må ivaretakast for å styrka individet sin rettstryggleik i møte med barnevernet:

«For at en beslutning skal kunne bli riktig og rettferdig, må saksbehandlingsprosedyrene og prosessene som et minimum sikre at berørte og relevante parter blir inkludert; all relevant informasjon, kunnskap og fakta må presenteres; det må åpnes for diskusjon og alternative vurderinger av informasjonsgrunnlaget – og det må være anledning for partene til å stille spørsmål og oppklare misforståelser. De som trenger hjelp til å få frem sine synspunkter må få bistand til dette. Til slutt, så må det være en type kontroll med det som diskuteres, i form av at flere er til stede og det er flere som fatter beslutningen.»

Denne oppsummeringa er godt forankra i allmenne rettstryggleiksprinsipp som er nedfelt i norsk forvaltningsrett og rettspleie; saker må vere godt opplyst, partane må ha rett til kontradiksjon, avgjerder må byggje på anerkjent kunnskapsgrunnlag, og partar og involverte har rett til bistand for å setja fram synspunkta sine.

Vidare går det fram av samandraget at utvalet sitt kunnskapsgrunnlag blant anna byggjer på empiriske data som tyder på at barn sin rett til medverknad – trass i tydelege rettar i lovverket – ikkje vert godt nok ivaretatt slik dagens lovverk vert forvalta. Utvalet har i kapittel 6 gjeve ei beskriving av dokumentasjon for manglar ved barns rett til god og forsvarleg hjelp, blant anna ved flyttingar og ustabilitet i omsorgssituasjon eller at dei ikkje har det bra der dei

bur. Utvalet gjer difor uttrykk for at det er behov for omfattande systemendringar for å sikre barna sin rettstryggleik. Innanfor tidsramma for tilbakemelding, har Bergen kommune valt ikkje gå gjennom faktagrunnlaget for desse premissane, men gje innspel på nokre utvalde forslag til tiltak i utgreiinga.

Bergen kommune støttar ei målretta styrking av rettstryggleik for barn og foreldre. Barnevernreforma gjev større fagleg og økonomisk ansvar til kommunane, og Bergen kommune er positiv til barnevernreforma sin intensjon. Det kan synast som om nokre av tiltaka i NOU 2023:7 trekk i motsett retning, med tanke på legge ressursar og fagleg ansvar til andre enn barnevernet.

Tiltak 1 Utprøving og etablering av en Barnerepresentantordning (flertallsforslag)

“Det etableres en barnerepresentantordning (BRO), som skal gi uavhengig representasjon for alle barn som blir plassert utenfor hjemmet, enten frivillig, akutt eller med tvang (utvalgets flertall, medlemmene Skivenes, Søvig, Flatebø, Heggberget, Klæboe, Lauvås, Lekhal, Nordanger, Salvanes, Solberg og Øpsen. Utvalgets mindretall, medlemmene Aleksandersen, Apeland og Kvisvik).»

En barnefaglig kompetent person skal ha hovedansvaret for å representere barnet, og samarbeide med akkreditert advokat i de steg av prosessen der det trengs. Ordningen skal erstatte talsperson, tillitsperson og tilsynsperson i fosterhjem. Det foreslås at ordningen først prøves ut, som en del av utredningen av hvordan en nasjonal ordning bør innrettes.”

Utgreiinga viser at det er ei stor utfordring å høyre og involvere barna nok og på ein god måte i barnevernssaker. For å få barnet til å dela sine kjensler og meiningar om vanskelege tema er det viktig å etablere eit tillitsforhold og ein varig relasjon. Det er stor gjennomtrekk av tilsette i barnevernet, og talspersonar og tilsynsførarar i fosterheim og på samvær er oppdragstakarar som vanskeleg kan etablere ein sterk, god og varig kontakt med barnet og som barnet er trygg på. Utvalet vil difor innføra ei barnerepresentantordning (BRO) med uavhengige offentleg tilsette som skal fylgja barnet. Barnet skal ha rett på sin eigen barnerepresentant (BR) frå det vert vurdert å ta barnet ut av heimen og fram til plasseringa er avslutta og barnet er tilbakeført. BR skal fylgja barnet uavhengig av kvar barnet vert flytta i landet. Målet med ordninga er å løyse vanskaner med gjennomtrekk av personar som barna må forklara seg til og forhalda seg til, og sørge for ein betre kontinuitet i oppfylginga av barna.

Bergen kommune sin vurdering

Bergen kommune er samd i at det er utfordringar i å høyre og involvere barna godt nok i barnevernssaker. Forslaget om utprøving og etablering av ei Barnerepresentantordning (BRO) vil kunne styrke barn si rettstryggleik.

Bergen kommune ser det som viktig at ordninga vidareutviklast og prøvast ut før implementering då den synast noko uferdig i kva gjelder blant anna organisering, kompetanse og grenseoppgangar til barneverntenesta. Det er hensiktsmessig ut ifrå et barneperspektiv at talet på personar barnet forhold seg til reduserast. Det kan auke moglegheita for at barnets stemme kjem fram, at den kan målberast av ein funksjon som kjenner barnet og fylgjer barnet over tid. BR-ordninga kan løyse barneverntenestene sitt dilemma med å sikre samlege partar i ei sak sine rettar, samstundes som barneperspektivet skal stå ekstra sterkt. Det kan også styrke foreldra sin rettstryggleik at barnerepresentanten (BR) er nøytral og barnesentrert.

Utvalet for helse og sosial i Bergen kommune har vedtatt å innstille til bystyret at byrådet skal arbeide aktivt for at Bergen kommune skal bli pilot for barnerepresentant ordninga.

Ein risiko med ordninga kan vere at det for barnet vert uklære roller. Det vert difor viktig med tydeleg mandat og rollebeskriving der det fylgjer kompetanse og annan oppfølging med. Det blir viktig å syte for at barnet medverkar i prosess med å velge barnerepresentant. Det er ein

risiko for at BRO kan skape større gap mellom barnet og barneverntenesta. Derfor er det viktig å leggje opp til eit godt og tett samarbeid mellom BR og kontaktpersonen. Ordninga forutset stabilitet, og ei problemstilling ved samanslåing av oppgåver i kontaktflata opp mot barnet, er at viss barnerepresentanten skiftar stilling vil barnet tapa kontaktpersonen sin mot det offentlege i alle relasjonar. Ein har ingen garanti for at ein barnerepresentant vil stå lenger i oppdraget enn det barneverntilsette, tilsynsførarar i fosterheim eller tillitspersonar gjer. Uavhengig av korleis ein vel å ordne oppdraget med å fylgja opp barn må det vere eit mål å halda på dei tilsette og få dei til å stå i arbeidet og relasjonane. Utvalet legg inn ein føresetnad i punkt 7.6.8 på side 116 om at BRO skal ha låg turnover, at den enkelte representant har kapasitet til å fylgja «sine» barn og at representanten skal fylgja barna uansett kvar dei er over heile landet. Effektivisering, innsparing og nedskjeringar er ein del av kvardagen i offentleg forvaltning og viser seg i tenestetilbodet i alle sektorar. Ei ny teneste vil måtte kjempe om knappe ressursar og konkurrere om dei same tilsette som barnevernstenesta.

Ei anna problemstilling vil vere barnet sin tillit til BR. Utvalet føreslår at BR skal samarbeide med barnet sin advokat, vere til stades i nemnda i forhandlings- og samtalemøte og «*ha tilgang på informasjon og beslutningsarenaer*». BR vil då få meir informasjon om saka og om barnet enn det tilsynsførar, tillitsperson og talsperson har i dag. Representanten skal både målbere barnet sitt syn og koma med eigne vurderingar. Ei slik ordning vil føra til at BR vert ein mellomting mellom verje, talsperson, kontaktperson og tillitsperson. Det er fare for at det kan oppstå motstrid mellom oppfatningane til barnet og BR, og dette er eigna til å gå ut over barnet sin tillit til BR. Den føreslegne ordninga vil gjere at BR ikkje lenger vert barnet sitt talerøyr og ein måte å sikre barnet sin medverknad i saka på. I staden vert BR nok ein person som skal ha eigne oppfatningar ut frå dokument og annan informasjon. Dette kan føre til at barnet ikkje lenger vil rå over eiga historie i barnet sin relasjon til BR. Det går fram av utgreiinga på side 114 at BR alltid skal leggje fram barnet si meining og syn viss barnet ynskjer det. I tillegg skal BR gje ei sjølvstendig vurdering av barnet sine interesser. Det er ikkje uvanleg i barnevernssaker at barnet syns det er svært vanskeleg å skulle setje fram sitt syn på saka, og at barnet heller vil teie enn å tale. Ved at BR likevel set fram eigne vurderingar kan barnet mista tilliten til BR.

Utvalet legg til grunn at barnet vil få tillit til BR, og det er ikkje problematisert om barnet kan ynskja andre tillitspersonar enn dei som vert tilgjengelege i BRO. Mange barnevernsbarn, særleg ungdomar, har vanskar med tilliten til aktørar i barnevernet. Det kan vere sterke lojalitetsband mellom foreldre og barn, og barna vil gjerne ikkje forhalda seg til nokon i barnevernssystemet uavhengig av tittel og tilknytning. Desse barna har gjerne ein eller fleire personar utanfor det offentlege systemet som dei stolar på, og som dei vil at skal tala si sak. Sidan BR i utgangspunktet kjem i staden for andre tillitspersonar vil det reisa spørsmålet om barnet kan be om eller krevje å få tillitspersonar og BR som er utanfor BRO og som manglar den faglege kompetansen som BRO legg opp til.

Utvalet skriv på side 112 at i «*BRO samles kompetansen innanfor en struktur som kun har som funksjon å representere barn. Barnet møter personer som er tilknyttet et fagmiljø, har spesiell kompetanse og er trent i å samtale med barn, innhente barns synspunkter og forstå situasjonen for barn som har opplevd omsorgssvikt. Dette er viktig når vi vet at situasjonen er ustabil for mange barn som er flyttet utenfor hjemmet.*» Dei tilsette i barnevernstenesta gjer alt dette og har kompetansen som trengs. Dermed vil ordninga i praksis innebere å opprette ei parallell faggruppe med overlappende funksjonar, eller ei avdeling i barneverntenesta, med tilsette som berre skal handtere kontakten med barnet og ikkje forhalda seg til foreldra. Dette kan skape forvirring og utryggleik, og føra til at samfunnet betaler to gonger for same teneste. Utvalet vurderer at ein BRO vil krevje tilføring av store ressursar, og vil krevje rekruttering av eit stort tal tilsette, og skriv at det «*vil kunne sette press på en tjeneste som allerede i dag er preget av høy turnover samt til dels store utfordringer med tanke på rekruttering.*»

Med dei føringane som utvalet legg vil BRO vere ei svært dyr og omfattande ordning. Dette reiser spørsmålet om det er meir føremålstenleg å bruka ressursane som vert øyremerka

BRO til å skape handlingsrom og kapasitet hjå den eksisterande barnevernstenesta, i staden for å etablere ein parallell organisasjon. Dermed kan kontaktpersonane få meir tid og ressursar til å vere med og snakka med barna.

Konklusjon:

Bergen kommune ser fleire fordelar med ei uavhengig representasjonsordning for å høyre og involvere barna og styrke deira rettstryggleik i barnevernsaker der ein vurderer omsorgsovertaking. Samstundes fører barnerepresentasjonsordninga med seg nokre nye utfordringar som krev nærare utgreiing, avklaring og pilotutprøving i tråd med forslaget i NOU. Bergen kommune meiner at det særleg må gjelde organisering av tenesta og avklaring av roller opp mot kontaktperson i barneverntenesta og barna, samt vidare opp mot andre noverande ordningar den vil erstatte. Det må også avklarast om ordninga er berekraftig når det gjeld kva for kompetanse som vert kravd av en barnerepresentant, tilgang på aktuelle fagpersonar og forventa stabilitet, samt kva for økonomiske ressursar som vert naudsynt opp mot det det å styrke barneverntenesta på andre vis.

Forslag 11 - Forbedre mulighetene til å ha med en støtteperson i møte med barnevernet

Regelverket for at foreldre kan ha med seg en støtteperson/fullmektig i møte med barnevernet klargjøres, herunder grensedragningen mot hensynet til taushetsplikten og tilfeller der en støtteperson eller fullmektig kan vurderes som uegnet.

Barnevernstjenesten gis tydeligere føringer i saksbehandlingsrundskriv og BFK om å oppmuntre og rådgi foreldre til å ta med seg en støtteperson i møter med barnevernet. Det utredes hvordan ulike typer støttefunksjoner for familier som er i en vanskelig livssituasjon (los, familiekoordinatorer, linkarbeidere) kan implementeres mer systematisk i kommunene, samt hvordan disse kan benyttes mer aktivt for å bistå både barn og familier i møte med barnevernstjenesten. Det bør også innhentes erfaringer fra barnevernstjenester som i alvorlige saker hjelper foreldre å få bistand fra advokat i kontakten med barnevernstjenesten.

Bergen kommune sin vurdering

Bergen kommune støttar at regelverket for dette vert klargjort og tydeleggjort for barnevernet.

Bergen kommune er samd i at det er viktig at personar og familiar som kjem i kontakt med barnevernet får høve til å ta med seg ein støtteperson i samtalar. Foreldre og barn som kjem i kontakt med barnevernet er særleg sårbare. Dei har gjerne behov for hjelp til å forstå saka eller til å målbera eigne oppfatningar, og dei kan ha god nytte av rettleiing og støtte frå personar som har erfaring frå liknande saker og som kan ha ei profesjonell innstilling til saka. Sjølv om det er barnevernet si oppgåve at foreldra skal forstå systemet lykkast vi ikkje alltid med det. Forslaget kan også vere bra for samarbeid med barn og ungdom. LOS kan fungere godt som støtteperson i ettervern.

Det har vore fleire saker i media om personar som opptrer som støttepersonar for familiar og barn. Desse aktørane opptrer gjerne som støttepersonar, konsulentar eller fullmektigar i enkeltsaker. Aktørane kan vere svært aktive på vegne av foreldra, og vanskeleggjer samarbeidet mellom barnevernstenesta og familien. Bergen kommune støttar at det utgreiast i kva grad ein støtteperson eller fullmektig kan vurderast som ueigna.

Utvalet for helse og sosial i Bergen kommune har vedtatt å innstille til bystyret at Bergen kommune innfører «Dialogprosess» etter modell frå Karmøy kommune. Denne ordninga gjev foreldre tilgang til advokat i alvorlege saker. Bergen kommune støttar at det utgreiast ulike typar støttefunksjonar for familiar som er i ein vanskeleg livssituasjon, og korleis det systematisk kan implementerast i barnevernet. Slike ordningar kan betre både rettstryggleik, medverknad og samarbeid.

Konklusjon

Bergen kommune støttar forslaget.

Forslag 13 Ny modell for barnevernets arbeid med undersøkelser

«Det innføres en ny modell for undersøkelsesarbeidet, med en mer stegvis siling av saker, og der det tydeligere skilles mellom alvorlige og mindre alvorlige saker. Modellen består av følgende steg og beslutningspunkter fra bekymringsmeldingen mottas:

1. Umiddelbar vurdering av alvorlighetsgraden i bekymringsmeldingen.
Barnevernstjenesten bør i løpet av 24 timer vurdere om det er behov for å iverksette umiddelbare tiltak for å hjelpe eller beskytte barnet.
2. Gjennomgang av bekymringsmeldingen innen 7 dager fra meldingen ble mottatt.
Dette gjelder i tilfeller der det ikke er behov for umiddelbar handling.
Barnevernstjenesten vurderer, på samme måte som innenfor dagens system og vilkår, om bekymringsmeldingen kan gi grunnlag barnevernstiltak og om det skal iverksettes en undersøkelse.
3. Avklaringsfase i undersøkelsen. Undersøkelsesfasen innledes med en avklaringsfase der barnevernstjenesten vurderer alvorlighetsgraden i saken og foretar en første vurdering av barnets behov. Formålet vil være å raskere avklare saker som gjelder mindre alvorlige forhold. Det bør senest innen 30 dager fra meldingen ble mottatt avklares om det bør settes inn hjelpetiltak, om saken kan henlegges eller om det bør iverksettes en mer helhetlig undersøkelse.
4. Helhetlig og grundig undersøkelse i alvorlige og komplekse saker. I disse sakene kreves det en omfattende undersøkelse, der barnevernstjenestene må kartlegge barnets helhetlige situasjon og behov basert på kunnskapsmodellen for barnets beste i sentrum. Det må innen 3 måneder fra undersøkelsen startet, inkludert avklaringsfasen og i tråd med dagens system, avklares om det bør settes inn hjelpetiltak, sendes begjæring om tiltak til nemnda eller besluttes om saken skal henlegges.»

Utvalet har særleg lagt vekt på fem problemområde i si utgreiing og anbefaling: Det er mangel på grundige faglege vurderingar, manglande framdrift og systematikk i undersøkingsarbeidet, manglande informasjon og involvering av barn og foreldre, misforhold mellom undersøkinga sitt omfang og alvoret i sakene, og at saker vert lagt bort sjølv om det kan vere grunn til bekymring for barna og familien.

Bergen kommune sin vurdering

Bergen kommune er samd i at det bør innførast ein ny modell på nasjonalt nivå for behandling av bekymringsmeldingar slik det er forslag om i punkt 1 og 2.

Bergen kommune har det siste året gjennomført ei omfattande endring i mottak og behandling av bekymringsmeldingar. Alle bekymringsmeldingar til barneverntenestene i Bergen vert no samla i eit felles mottak der sakene vert handsama i tråd med forslaget sitt punkt 1 og 2. Sentralisering av mottak for bekymringsmeldingar gjer at dei tilsette vert tryggare i rolla og i vurderingane sine, og sakene vert raskare behandla.

Forslaget imøtekjem ei kjend utfordring knytt til at undersøkingar ikkje blir differensierte ut ifrå alvoret i sakene. Det er positivt å leggje til rette for en reduksjon av ikkje-verdiskapande tidsbruk i denne fasen av arbeidet. Brukarane sine interesser kan bli betre ivareteke gjennom forslaget, ved at dei får raskare hjelp av betre kvalitet. Mange familiar som er i kontakt med barneverntenesta kan vere meir motiverte for hjelp i ein tidleg fase, enn om ein ventar med å tilby hjelp til etter tre månader med undersøking. Ein avklaringsfase kan kanskje bidra til at ein får koplå på tiltak tidlegare, og fangar opp brukarar som fell innanfor denne kategorien.

Utvalet foreslår vidare å innføra ein avklaringsfase i undersøkinga der barneverntenesta skal vurdere alvoret i saka og gjere ei fyrste vurdering av barna sine behov. Ein skal så innan 30 dagar avklare om ein bør setja inn hjelpetiltak, om saka skal leggjast bort eller om ein skal starte ei større undersøking.

Bergen kommune er usikker på om dette er ein riktig veg å gå for å betre arbeidet og tidsbruken hjå barneverntenesta. Føremålet med avklaringsfasa er å skunde på saksbehandlinga. Ein skal sikre at foreldre og barn ikkje vert halde i uvisse lenger enn naudsynt. Det er ofte belastande for familiar å vere i kontakt med barneverntenesta og kontakten må grunngjevast godt og følgje prinsippet om minste inngripen.

På den eine sida kan innføringa av ein frist for avklaring føra til at barneverntenesta prioriterer saka føre andre gjeremål og gjennomfører undersøkinga innan fristen. På den andre sida vil det vere ein føresetnad at det er barneverntenesta sitt arbeid og prioriteringar som er flaskehalsen i systemet. I undersøkingssaker kan det vere fleire faktorar for at ein ikkje får eit fullstendig bilete av situasjonen til barna. Mykje av påpeika svikt i barnevernet sine undersøkingar handlar om at barnevernet ikkje meistrar å fange opp viktig informasjon frå barn og foreldre. Ofte krev det godt relasjonsarbeid for å få tak i kvar utfordringane ligg. Ein frist på 30 dagar kan vere ein risiko for å ikkje avdekke tilstrekkeleg kva vanskebilete barnet står i faktisk er. Det kan då verte vedtatt tiltak som ikkje er eigna for å avhjelpe situasjonen i god nok grad.

Forslaget forutset tydeleg prioritering og siling av saker. Det vil vere ein fordel om det følgjer ei tydelegere utgreiing av kva som er forsvarleg i denne fasa av undersøkinga. Om det kan gjennomførast for barneverntenestene vil mellom anna vere avhengig av dei prosessuelle krava som vil følge av fristen på 30 dagar. Skal det berre vere et tidspunkt for vurdering om saka skal verte undersøkt vidare, eller om ein innan 30 dagar skal ha ferdig vedtak og rapport.

Dei tilsette i barneverntenesta har mange stader svært pressa arbeidskvardagar. Viss ein legg inn nye og korte fristar for behandling og avgjerd av undersøkingar kan det gjere arbeidssituasjonen og organiseringa av denne utfordrande.

Konklusjon

Bergen kommune har det siste året gjennomført ei omfattande endring i mottak og behandling av bekymringsmeldingar i tråd med punkt 1 og 2 i forslaget frå utvalet og støtter ei slik løysing.

Barnevernet har i stor grad som praksis å vurdere alvor i sakene tidleg, men det bør sikrast at det er lik praksis. Når det gjeld avklaringsfasen med frist på 30 dagar, støttast ikkje forslaget. Bergen kommune støttar intensjonen om at barnevernet sin undersøking vert meir differensiert ut frå alvoret i saker, skal ha betre tidsbruk og sikrar at foreldre og barn ikkje vert halde i uvisse lenger enn naudsynt.

Forslag 14: Bistand ved henleggelse av undersøkelsessak

«Det innføres krav om at barnevernstjenesten, ved henleggelse av saker, bistår barnet eller familien med å etablere kontakt med andre instanser som kan bidra med rett hjelp, samt utarbeider en skriftlig, faglig vurdering av barnets og familiens behov, sammen med en henvisning til den tjenesten som følger opp saken videre.»

Bergen kommune sin vurdering

Forslaget kjem i møte behovet for å sikre at barn i større grad får riktig hjelp på eit tidlegare tidspunkt, noko kommunen ser på som viktig. Det fordrar samhandling mellom systema som skal ivareta barn og unge sine behov. Utfordringar med forslaget kan vere tvil knytt til korleis det skal tolkast. Begrepet «krav» kan bidra til at det oppstår prosedyrar som fører til mindre fleksible system som i mindre grad verdset profesjonell ekspertise. Med omgrepet «henvisning» kan det meinast ei formell tilvising, eller at barnevernet søker kontakt med

andre system. Det vurderast at det ikkje vil vere tilstrekkeleg det å skrive en tilvising og avslutte saka. Det bør heller være ei forplikting til å opprette ei faktisk kopling mellom familien og aktuell instans, framfør å gje barneverntenesta tilvisingsrett til ulike system.

Konklusjon:

Bergen kommunen støttar at barneverntenesta skal hjelpe foreldre og barn i å få etablert kontakt med andre tenester dersom det vurderast å være behov for det. Dette vil vere i tråd med barnevernreforma og samhandlingsplikta som stiller krav til at tenestene vurderer behov for anna hjelp og koplar på dei aktuelle tenestene. Bergen kommune støttar ikkje forslaget til tiltak ettersom eit slikt krav allereie kjem tydeleg fram i lovverk og faglege føringar.

Forslag 23 Tverrfaglig spesialistvurdering av barn som akutt plasseres

«Ordnungen med tverrfaglig spesialistvurdering, foreslått i kapittel 24 (se forslag 86) om organiseringen av barnevernet, gjøres gjeldende for alle barn som blir akuttplassert, både frivillig og med tvang.»

Forslag 86 Krav om tverrfaglige spesialistvurderinger i komplekse og krevende saker

«Det innføres krav om tverrfaglige spesialistvurderinger i komplekse og krevende saker. Dette inkluderer saker som har pågått over lang tid uten at tiltakene som er iverksatt har ført til positive endringer, saker der det er vanskelig å komme i posisjon overfor familien og risikoen for barnet er potensielt høy og saker der barn og foreldre har store, sammensatte utfordringer. Krav om tverrfaglig vurderinger kan vurderes også å gjelde i alle saker der det er aktuelt å plassere barn utenfor hjemmet.

Kravet innebærer at utrednings- og tiltaksarbeid skal utføres av, eller under veiledning av, fagmiljøer med nødvendig erfaring og tverrfaglig kompetanse. Fagmiljøene bør som et minimum besitte barneverns- og sosialfaglig kompetanse og kompetanse innenfor psykologi, samt kunne vise til erfaring fra arbeid med tilsvarende saker. I saker der plassering utenfor hjemmet eller tvangsinngrep kan bli aktuelt, er det også viktig med juridisk kompetanse.»

Utgreiinga til utvalet viser at det er eit problem at dei mindre barneverntenestene i Noreg har få akuttvedtak og omsorgsovertakingar. Dei tilsette i tenestene får ikkje tilstrekkeleg mengdetrening i å behandle slike saker, og utvalet føreslår i avsnitt 24.4.3 å innføre krav om tverrfaglege spesialistvurderingar i komplekse og krevjande saker for å bøte på dette. Det er ynskjeleg å tilføre juridisk og psykologfagleg kompetanse i utgreiingar og tiltak. Forslaget frå utvalet foreslår difor eit krav om at akuttsaker skal vurderast av ei tverrfagleg spesialistgruppe.

Bergen kommune sin vurdering

Bergen kommune meiner at tverrfagleg spesialistvurdering i akutte eller særleg komplekse saker vil vere eit godt tiltak i form av eit frivillige tilbud til kommunane.

Alle barnevernstenestene i Bergen har tilsett eigne juristar og psykologar som bidreg i utgreiingar og vurderingar. Barnevernstenestene i Bergen er store, og alle tenestene har fleire akuttvedtak og omsorgsovertakingar kvart år. Behovet for tilføring av juridisk og psykologfagleg kompetanse i akuttsaker og i komplekse saker er difor lite i Bergen. Å påleggje kommunen å sende sakene til vurdering vil kunne vere forsinkande utan å tilføra vesentleg kompetanse. Tverrfagleg spesialistvurdering bør heller gjerast som eit tilbud til både store og små kommunar. Det vil vera ulikt kva kompetanse som er tilgjengeleg i kommunar og at dei sjølv vurderer når dei har behov for slik bistand.

Det vil etter Bergen kommune sitt syn vere særleg viktig at tverrfagleg spesialistvurdering ikkje forseinkar iverksetting av tiltaka for barna.

Konklusjon

Bergen kommune støttar å ha eit tverrfagleg spesialistteam tilgjengeleg ved akuttplassering og i komplekse saker, men at det er eit tilbud og ikkje eit krav slik det vert forslått av utvalet.

TILTAK 49-51: STØTTE TIL FORELDRE ETTER OMSORGSOVERTAKELSE

Forslag 49 Tydeligere føringer til innholdet i oppfølgingen av foreldre

Det gis tydeligere føringer for innholdet i planen for oppfølging av barn og foreldre, og hva som skal ligge til grunn for oppfølgingen av foreldrene så lenge gjenforeningsmålsettingen gjelder.

Bergen kommune sin vurdering

Forslaget til utvalet tar opp eit sentralt tema som kan vere utfordrande å handtere for barneverntenestene.

Når nemnda eller domstolane har avsagt vedtak eller dom om omsorgsovertaking, vil det gå fram av vedtaket eller dommen kva del av omsorga som er vurdert som alvorleg sviktande. Barneverntenesta er pålagt å arbeide for ei tilbakeføring, og målet med arbeidet vil då vere å rette opp dei manglane i omsorga som er oppgjeve i vedtak eller dom. Å utarbeide ein tydeleg plan for oppfylging vil vere eit godt verkemiddel for vidare oppfylging. Planen vil kunne gje oppfylgingsarbeidet ei konkret retning mot eit langsiktig mål, synleggjere om tiltaka treff hjelpebehovet som familien har, og ein vil kunne evaluere planen etter ei tid. Planen vil gje ein peikepinn på kva som må vere på plass før ein kan starte eit arbeid med gjenforeining, og kan til dømes bidra i nemnda si vurdering av om endringssaker bør behandlast forenkla.

Samstundes kan det vere ei utfordring for kommunen å få til eit samarbeid med foreldre som nettopp har mista omsorga for barnet sitt. Oftast vil foreldra og barneverntenesta ha svært ulikt syn på om det har vore svikt i omsorga, kor stor svikten har vore og korleis svikten skal utbetrast. Det kan vere svært vanskeleg for foreldre å erkjenne situasjonen etter omsorgsovertakinga, og foreldra har gjerne fått avslag på anke til lagmannsrett eller Høgsterett og er ikkje ferdige med kampen. I mange etterfylgjande tilbakeføringssaker ynskjer foreldre ein omkamp om det opphavelige grunnlaget for omsorgsovertakinga. Det kan til dømes vere svært vanskeleg for foreldre å samtykke til ein handlingsplan som legg til grunn i at det har vore vald i heimen og at foreldra treng oppfylging frå Alternativ til vald.

Konklusjon

Bergen kommune støtter at det vert gitt tydelegare føringar til innhaldet i oppfølginga av foreldra etter omsorgsovertaking.

Forslag 50 Utredning av samtaleprosess for å fastsette oppfølgingsplaner

Det utredes en ordning for fastsettelse av oppfølgingsplaner som bygger på samtaleprosess. Utvalet føreslår at det skal utgreiast ei ordning der saka går tilbake til behandling i nemnda etter at vedtak om omsorgsovertaking er fatta. Føremålet er å sikra god forankring og meir forpliktande planar, og å sikra at både barn og foreldre vert tilstrekkeleg involvert. Barneverntenesta skal leggje fram plan for oppfylging i møtet og ein skal kunne prøve ut ulike oppfylgingstiltak. Nemnda skal ta stilling til innhaldet i planen, medan barneverntenesta skal gjennomføra planen. Tiltaka i planen skal mellom anna omhandle gjennomføring av samvær, arbeidet med gjenforeining og behov for andre tiltak viss målet om gjenforeining er forlate.

Bergen kommune sin vurdering

Bergen kommune erfarer at ordninga med samtaleprosess i tvangssaker har vore ein stor suksess. Kriteria for tilbakeføring blir tydelegare ved hjelp av samtaleprosess og gir betre rettssikkerheit for barn og foreldre. En plan som vert utarbeida i samtaleprosess vil vere meir forpliktande, og i noko grad meir nøytral. Det er like fullt viktig at barnet sitt behov for kontinuitet og stabilitet vert ivareteke på lik linje med omsyn til tilrettelegging for gjenforeining.

Ei ordning som føreslått av utvalet vil reisa utfordringar.

For det fyrste vil ei ordning som skissert over føra til at saka ikkje vert ferdig for nemnda sjølv om vedtak er fatta. Prosessen i saker med omsorgsovertaking kan vere lang. Sakene er

prioriterte i domstolane, men sakstilfanget er stort. Ved rettsleg prøving for tingretten vert det gjerne bestilt sakkunnige utgreiingar som forlengjer saksbehandlingstida, og sakene er ofte ikkje rettskraftig avgjort før etter 6-12 månader.

Ei ordning som skissert av utvalet vil føra til at ein anten må starte ein parallell sak for nemnda med oppfylgingsplanar i samtaleprosessform med foreldre som står i eit søksmål mot barnevernstenesta over omsorgsovertakinga, eller om ein skal starte arbeidet fyrst etter at saka er rettskraftig avgjort.

Utvalet peikar på at forholdet mellom barnevernsteneste og foreldre kan vere konfliktfylt etter ei omsorgsovertaking. Bergen kommune er samd i dette. Det vil i mange høve vere utfordrande å få til eit samarbeid og ein tillitsfull relasjon i ein slik situasjon. Saker om omsorgsovertaking er krevjande, og prosessen kan vere ei stor belastning for både foreldre og barn. Ved å lage ei ny ordning der nemnda skal behandle oppfylgingsplanar i sakene vil ein risikere at ein aldri får ro i saka, men at omsorgsovertaking, oppfylgingsplan, tilbakeføringskrav og oppfylgingsplan avløyser einannan. Det er då ein risiko for at prosessen vil gå i nemnd og rettsapparat så lenge barnet er under omsorg. Det vert og eit spørsmål om korleis nemnda skal avgjere ein sak om oppfylgingsplan der det ikkje vert semje. Viss nemnda har det endelege ordet i saka vil saka måtte avsluttast med eit vedtak. Nemnda sitt vedtak vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og ein risikerer ein parallell søksmålsadgang for desse vedtaka i domstolen.

Ei ordning der saka vert behandla i nemnda reiser og spørsmålet om partane skal ha rett til advokat i prosessen. Dette vil vere kostnadsdrivande for saksbehandlinga. Vidare vil innføring av ei ordning som utvalet skisserer føra til at styringa av tilbod og oppfølging av tiltak vert flytta frå barnevernstenesta til nemnda. Dette medfører at ein flyttar avgjerdskompetansen over til ein instans som ikkje har økonomisk ansvar for tiltaka som vert vedtatt. Dette kan potensielt få stor innverknad på barnevernstenesta sin økonomi og handlingsrom til å tilby hjelpetiltak i andre saker.

Konklusjon

Bergen kommune meiner at forslaget må utgreiast nærare og viser til dei fordelane og ulempene som er omtala over.

Forslag 51 Oppsøkende krisehjelp for å støtte foreldre etter omsorgsovertakelse

«Det etableres et oppsøkende krisetilbud for å støtte foreldre etter en omsorgsovertakelse. Det etableres rutiner der barnevernstjenesten eller nemnda informerer rette instans umiddelbart etter at det er fattet vedtak om omsorgsovertakelse.»

Føremålet med utvalet sitt forslag er å hjelpe foreldra med bearbeiding av sorga etter å ha mista omsorga, og å motivere foreldra til endringsarbeid. Utvalet legg til grunn at dette vil krevje terapeutisk kompetanse, og at det kan vere vanskeleg for barnevernstenesta å tilby slik støtte til sinte og frustrerte foreldre.

I dag har foreldre som mistar omsorga for barn eit tilbod om inntil 14 timar med oppfølgingssamtalar ved familievernet (<https://www.bufdir.no/familie/fratatt-omsorg/>). Samtalane skjer på familievernkontoret. Dei tilsette ved familievernet reiser ikkje ut for å møte foreldra heime.

Bergen kommune sin vurdering

Bergen kommune er samd i at det er viktig å ivareta foreldra etter ei omsorgsovertaking, og at det kan vere behov for meir oppfølging i den fyrste tida etter omsorgsovertaking enn det som i dag vert tilbudd. Kommunen er og samd i at det i nokre tilfelle kan vere vanskeleg for barnevernstenesta å tilby slik hjelp til foreldra, og at foreldre uansett bør få støtte frå andre delar av det offentlege hjelpeapparatet.

Barneverntenestene i Bergen har positiv erfaring med bruk av akutt familieteam/barnevernsvakt etter omsorgsovertaking. Tiltak til foreldre i denne fasen kan med fordel forlengast og vidareutviklast. Bergen kommune meiner tiltaket også skal gjelde ved frivillige plasseringar og at det bør komme tydelegare fram av forslaget. Bergen kommune vurderer at det er svært viktig å gi foreldre et tilbod etter omsorgsovertaking. Et slikt tilbod må vere frivillig og tilpassa den enkelte sitt behov. Barneverntenesta har allereie i dag et ansvar etter lova til å setje foreldre i kontakt med hjelpeapparatet. At foreldre får rett hjelp forutset at barneverntenesta følgjer opp og kjenner til tilbodet i eigen kommune.

Konklusjon

Bergen kommune ser det som meir hensiktsmessig at foreldre får tenester tilpassa menneskjer i krise innanfor det eksisterande hjelpeapparatet framfor å etablere eit nytt krisetilbod. Allereie etablerte tilbod bør vidareutviklast, og om mogeleg arbeide oppsøkande i denne målgruppa.

Forslag 79 Utvikling av hjelpetiltak og oppfølgings- og losfunksjoner

«Arbeidet med Grunnmodell for hjelpetiltak og oppfølgings- og losfunksjoner til ungdom utvikles og innrettes, slik at flere ungdommer i barnevernet kan få den ettervernshjelpen de har behov for.»

Utgreiinga til utvalet viste at under 50% av alle barnevernsbarn som hadde tiltak frå barnevernet opplevde ein positiv overgang til vaksenlivet, medan tilsvarande tal for barn utan barnevernstiltak var 84% (tala var frå 2014). Utvalet foreslår difor at ein utviklar hjelpetiltak for oppfylgings- og losfunksjoner.

Bergen kommune sin vurdering

Bergen kommune meiner forslaget er positivt for å sikre at oppfølginga startar tidleg. Los må ha ansvar helt til en anna støtte er på plass. Forslaget styrker også medverking. Modellen kan på den eine sidan auke handlingsrommet og på den andre sidan hemme kreativitet og fleksibilitet. Det er behov for å konkretisere kva modellen skal innehalde, da det er store forskjellar i tilbodet i ulike kommunar.

Konklusjon

Bergen kommune er samd i at hjelpetiltak i ettervern med oppfylgings- og losfunksjoner utviklast vidare.

Forslag 87 Utredning av ansvarsoverføring (flertallsforslag)

“Det utredes om ansvaret for barnevernstjenestens oppgaver bør flyttes fra kommunene til staten (utvalgets flertall, medlemmene Skivenes, Søvig, Aleksandersen, Flatebø, Heggberget, Klæboe, Lauvås, Lekhal, Nordanger, Salvanes, Solberg og Øpsen. Utvalgets mindretall, medlemmene Apeland og Kvisvik)”

Bergen kommunen sin vurdering

Bergen kommune støtter i heilskap utvalet sitt mindretal som ikkje støttar ei ansvarsoverføring frå kommunane til staten, og på noverande tidspunkt heller ikkje ei utgreiing av dette. Mindretallet meiner: «at med ny barnevernslov, der fokuset er lagt på den samlede oppvekstinnsatsen lokalt, vil flytting av ansvar fra kommune til stat være lite hensiktsmessig. Det vil innebære en oppsplitting, som kan vanskeliggjøre å lykkes med den samlede og helhetlige innsatsen. Mindretallet legger vidare vekt på at det kommunale barnevernet i senere tid har vært gjenstand for ny reform og ny barnevernslov og trenger arbeidsro for å gis et rimelig grunnlag for implementering. En utredning om ansvarsoverføring vil bare skape ytterligere uro. Det er langt bedre at det bygges opp en spesialkompetanse og veiledningskapasitet statlig som de kommuner som har behov for det kan benytte seg av i komplekse saker. Dette er en modell som likner mer generalist- og spesialisttenkningen vi har på andre fagområder. Dette må prøves først innen rammen for dagens ansvarsfordeling.»

Konklusjon

Bergen kommune støttar ikkje forslaget om ei utgreiing av ansvarsoverføring av oppgåver etter barnevernlova frå kommunar til stat. Som nemnt innleiingsvis er dette eit av tiltaka som kan oppfattast å dra i motsett retning av barnevernreforma.

For Bergen kommune er det ynskjeleg å få overført oppgåve frå det statlege til det kommunale barnevernet. Då vil vi i større grad kunne sjå tiltak i samanheng, og kunne gje tilbud til barn og unge der dei bur. Vi meiner vi er dimensjonert for eit slikt ansvar, og at dette vil vere i tråd med barnevernreforma.

Forslag 9 Barnevernet gis ansvar for alle enslige mindreårige asylsøkere

Barnevernsloven § 11-1 endres, slik at det framgår at tilbud om opphold på omsorgssenter for enslige mindreårige asylsøkere gjelder for barn under 18 år.

Bergen kommune sin vurdering

Slik situasjonen framstår er det ikkje fagleg grunn til eit skilje i tilbudet til einslege mindreårige i Noreg. Bergen kommune vurderer at alle einslege mindreårige bør ha eit likestilt omsorgstilbod, slik som dei no får når dei er under 15 år i regi av Bufetat. Bergen kommune stiller seg undrande til at ordninga ikkje er revidert tidlegare. Det kan vere ei løysing å gradvis overføre ansvaret frå UDI til Bufetat.

Konklusjon

Bergen kommune støttar forslaget og ber om rask handtering av saka.

Forslag 10 Lovfesting av momentliste i bestemmelsen om barnets beste

Det inntas en momentliste i barnevernsloven § 1-3 om barnets beste.

Momentlisten består av følgende syv momenter, i tillegg til barnets mening, som skal vurderes og hensyntas, i vurderinger av hva som kan være et barns beste:

- Barnets behov for omsorg, beskyttelse og sikkerhet. – Barnets identitet og utvikling av sin egenart.
- Barnets etniske, kulturelle, språklige og religiøse bakgrunn. – Barnets familie og stabile relasjoner til nære voksne.
- Barnets særskilte sårbarhetsfaktorer.
- Barnets rett til kontinuitet og et trygt og tilpasset omsorgsmiljø. – Barnets sosiale situasjon, helse, utdanning og fremtidsutsikter. Hvilken relevans og vekt momentene har i den enkelte sak, må vurderes og begrunnes konkret.

Bergen kommune sin vurdering

Ei momentliste for vurdering av barnet sitt beste kan vere eit godt verktøy for tilsette i barnevernet. Det er likevel viktig at ei slik liste ikkje må forståast som uttømmande, og at det presiserast at det alltid skal vere ei konkret og individuell vurdering. Det er også viktig at barnevernet vektar barnet sitt beste opp mot andre førande prinsipp, og at dette kjem tydeleg fram i all relevant dokumentasjon.

Konklusjon

Bergen kommune støttar forslaget så lenge ei slik liste ikkje er uttømmande.

Med hilsen,
Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester

Belén Birkenes, Kommunaldirektør
Ragnhild Olsen, Rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk.